

Fra: Post Austrheim
Sendt: torsdag 5. oktober 2023 09:19
Til: Ketil Tjore
Emne: VS: Informasjon til folkevalde i medlemskommunane til LNK

Fra: Svein Olav Langåker <svein.langaker@startsiden.no>
Sendt: onsdag 4. oktober 2023 15:20
Emne: Informasjon til folkevalde i medlemskommunane til LNK

Til ordførar, kommunedirektør og politisk sekretær

Fleire av kommunane har rutinar for å velja utsendingar til landstinget til Nynorsk kommunane – LNK som ein del av konstitueringa. Me ønskjer god kontakt med alle medlemskommunane våre, og vil oppmoda kommunane til å oppnemnda representantar til landstinga våre. Både folkevalde og representantar frå administrasjonen kan bli valde til dette. Og det er fint om me får melding om namn, telefon og e-postadresse til dei som blir valde.

Kommunane har rett til slik representasjon på landstinget:

Inntil 3.000 innbyggjarar: 1 utsending

Inntil 6.000 innbyggjarar: 2 utsendingar

Inntil 9.000 innbyggjarar: 3 utsendingar

Meir enn 9.000 innbyggjarar: 4 utsendingar

Folketalet i kommunen pr. 1. januar i det året landstinget vert halde er grunnlag for talet på utsendingar.

LNK står til teneste for dykk, og kan hjelpa kommunane med [språkbruksplanar](#), [kurs for lærarar](#) og [barnehagelærarar](#), gratis digital tilbod for [barn](#) og [ungdom](#) – og me har det populære [På saklista-kurset](#), eit opplegg som lærer deltakarane opp i nynorsk rettskriving, klarspråk og saksbehandling. Og me presenterer nyhende og nye tilbod på LNK.no kvar veke.

Elles minner me om at [LNK-rabatten](#) på Bondeheimen i Oslo og hjå Samlaget òg gjeld folkevalde i medlemskommunane våre.

Til slutt vil me ønskja lukke til med arbeidet dykkar. Kommunane er svært viktige for å ta vare på og utvikla ein god språkpolitikk for alle innbyggjarane!

Beste helsing

Svein Olav B. Langåker

Dagleg leiar | Mobil 948 75 365

LNK – Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

[Følg LNK på Facebook!](#)

Følg òg Framtida.no – Framtidajunior.no – [Magasinet](http://Magasinet.no) – [Pirion](http://Pirion.no) – [Lærarrommet](http://Lærarrommet.no)